



## Utlånsreglar for åttringen *Harald*

Åttringen og utstyret til båten kan leigast av kystlag, skular, frivillighetssentre og andre offentlege og private institusjonar. Andre aktørar med naudsynte kvalifikasjonar kan med særskilt avtale med VFKL leiga båten og utstyret.

Utleige av båten skal reserverast på førehand i utlånskalenderen. Utleige utover 2 veker må avtalast med Vestland Fylkeskystlag (VFKL). Kalenderen finn du på [www.vfkl.no](http://www.vfkl.no) -> Åttringen Harald. Der finn du også kontaktinformasjon til VFKL.

Namnet og kontaktinfo til den som har ansvar for båten og utstyret skal alltid stå i kalenderen ved reservasjon. Dvs. namn på den som har ansvaret, kontaktinfoen til vedkomande, og namnet på organisasjonen den ansvarlege representerer, der det er aktuelt.

### Prisar

For kystlag: døgnset: kr 100 i inntil 14 døgn. For lån utover 14 døgn må det gjerast særskilt avtale med VFKL. Utlånsseten gjeld for båten og alt av utstyr som takast med båten, og kan inkludera åttringen, årer, segl & rigg, ausekar, lunnar, tilhengar, slippvogna, telt og teltveggar.

For andre aktørar: dette vert avtalt i kvart enkelt tilfelle.

Det skal skrivast ein utleigekontrakt før båten og utstyret vert henta. Der skal ein notera kva som er teke med og kven som er ansvarleg for at båten og utstyret vert returnert i god stand. Leigetakaren har ansvaret for skader etter uforsiktig bruk og tapte gjenstandar. VFKL tek berre ansvaret for skader som vert definert som normal slitasje. Utleigekontrakten skal signerast av den som har ansvar for båten og utstyret og returnerast til VFKL før båten vert henta.

Utleigekontrakt og tilfarsliste kjem på påfølgjande sider.

## Utleigeavtale for åttringen *Harald*

Denne avtalen gjeld mellom båteigar Vestland Fylkeskystlag og leigetakar *NN*.

- VFKL er ansvarleg for at utstyr som lånst ut er i god og forsvarleg stand.
- Leigt utstyr skal IKKJE lånast vidare til andre.
- Utleigaren pliktar å setje seg inn i bruken av utstyret og sjå til at utstyret vert brukt korrekt.
- VFKL står ikkje ansvarleg ved skade på personar som låner båt og utstyr.
- Båten og utstyret er forsikra av VFKL. Vanlege forsikringsreglar gjeld. Ved frakt på tilhengar, er det dei vanlege vilkåra for bilforsikring til trekkvogna og krava til sjåføren etter vegtrafikklova som gjeld.
- Ved innlevering, skal leigt utstyr sjekkast av låntakar. Eventuelle skadar, slitasje eller manglar skal rapporterst til VFKL. Leigetakaren vil haldast ansvarlege for alle ikkje-innmeldte tilhøve, utan unntak.
- Leigetakaren er ansvarleg for utstyret som vert leigd. All bruk skal skje med varsemnd. Dersom båt eller utstyr vert skada, utslete eller på andre måtar ikkje er brukbart skal båteigar varslast umiddelbart og båten/utstyret skal ikkje lenger brukast.
- Båten skal ikkje vera meir enn 7 døgn på sjø i strekk, utan å ha minst ei natt på land.
- Leigd utstyr skal sikrast og lagrast forsvarleg i låneperioden. Ved tjuveri eller hærverk skal dette meldast til nærmaste politi så snart som råd, og VFKL skal varslast så snart som råd.
- Leigd utstyr skal leverast attende i same tilstand som ved henting.
- Leigetakar skal melde i frå dersom noko er skadd eller ikkje er i god stand. Dette gjeld både ved henting og innlevering. Det er difor eit krav at ein fotodokumenterer kva ein låner og tilstand med både ved henting og levering.
- Leigetakar er erstatningsansvarleg ved skadar utover vanleg slitasje.
- Leigd utstyr skal vere reint og bruksklårt. Segl skal vera heilt tørr eller hengjast til tørk ved tilbakelevering. Ved biltransport skal segla fraktast inne i bilen.
- Utstyr som ikkje er levert attende innan to veker etter fristen vil måtte reknast som tapt. VFKL må då erstatte utstyret, slik at åttringen er klår for neste brukar, og fakturera låntakaren.
- Det er eit krav at låntakar postar tekst, bilete/video frå aktiviteten på Facebooksida *Åttringen Harald* - <https://www.facebook.com/attringenharald>

Denne utleigeavtalen vert signert i to eksemplar, eit til kvar av partane.

\_\_\_\_\_  
Signatur båteigar

\_\_\_\_\_  
Signatur leigetakar



## Utstyrliste pr. 24. april 2023

### Båten

Skrog med fire par keipar  
8 x hamleband  
2 x plytt og 5 x tiljer  
6 tofter  
4 kvite sylindrefendrar med tamp  
8 årer – 4 sb og 4 bb  
1 nygle, 1 ausekar og 1 bøtte  
2 x 10 m treslått 10 mm fangline

### Tilhengar

Respo 1500 P – regnr. NC 8545  
Kodelås og låsesett til tilhengar  
Vognkort  
4 x lastestropper

### Lunnar

8 x lunnar (trykkimpregnert splittstaur)

### Slippvogn

Ramme med 4 hjul  
2 x justerbare armar med strekkfiskar og fastsurra polstring  
Sentermontert (fastsurra) eikeplank

### Telt

3 x 9 m telt med mønetak:  
10 vertikale teltstenger med svart tape  
12 horisontale teltstenger med kvit tape  
10 diagonale teltstenger med blå tape  
10 føter med svart tape  
15 stangkoblingar med svart/blå/kvit fargemerking  
? (antal) strikkband  
? (antal) tau til bardunar  
? (antal) teltpuggar  
2 x spinnakerpose til frakt

### Sideveggar

8 x mesh-duk på 205 cm x 180 cm med maljar med flaggline til fastmontering på teltet